


Intensjonsavtale om etablering av Regionkommunen Ålesund



Avtalen er inngått mellom kommunane Giske, Haram, Hareid, Sandøy, Skodje, Stordal, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund. Forhandlingsutvala nedsett av kvar kommune har etter oppdrag frå sine respektive kommunestyre utarbeidd forslag til intensjonsavtale om å skape ein ny, felles kommune i regionen.

Innhold

1.	Intensjonsavtale	2
1.1	Overordna målsetting med intensjonsavtalen:.....	2
2.	Kommunenamn, symbol og målbruk	2
3.	Visjon	2
4.	Prinsipp for samanslåingsprosessen	3
5.	Organisering, arbeidsformer og digitalisering.....	3
6.	Mål.....	4
6.1	Samfunnsutvikling	4
6.1.1	Mål:.....	4
6.1.2	Konkretisering	4
6.2	Tenesteyting og utøving av mynde	5
6.2.1	Mål.....	5
6.2.2	Konkretisering	5
6.3	Demokrati.....	6
6.3.1	Mål:.....	6
6.3.2	Konkretisering	6
6.4	Økonomi	7
6.4.1	Mål:.....	7
6.4.2	Konkretisering	7
6.5	Kommunen som arbeidsgjevar.....	7
6.5.1	Mål:.....	7
6.5.2	Konkretisering:	8
6	Interkommunalt samarbeid.....	8
7	Harmonisering	8
8	Fellesnemnd	9
9	Partsamansett utval	9
10	Involvering og informasjon.....	9
	Vedlegg.....	10

1. Intensjonsavtale

Forhandlingsnemndene i kommunane Giske, Haram, Hareid, Sandøy, Skodje Stordal, Sula, Sykkylven, Ørskog og Ålesund har etter oppdrag frå kommunestyra utarbeidd forslag til intensjonsavtale om å skape ein ny, felles kommune i regionen.

Bakgrunnen for avtalen er at Stortinget har bedt kommunane tenke langsiktig, 30 år eller meir, og vurdere kommunestrukturen ut frå at det ikkje er samsvar mellom dagens kommunegrenser og den kvardagsregionen som innbyggjarane er ein del av. Framtida vil sette sterkare krav til kommunane som samfunnsutviklar, tenesteprodusent og myndigheitsutøvar, og kommunane vil i åra framover få strammare økonomiske rammer for å utøve sine oppgåver.

Avtalen vil bli lagt fram for kommunestyret i kvar av kommunane til endeleg behandling i juni 2016. Før vedtak blir gjort, skal innbyggjarane få høve til å gi uttrykk for sitt syn på avtalen.

1.1 Overordna målsetting med intensjonsavtalen:

- Søkje det beste for innbyggjarane og næringslivet
- Legge til rette for langsiktig samfunnsutvikling – 30 år eller meir
- Leggje strategiske føringar for fellesnemnda

2. Kommunenamn, symbol og målbruk

Namnet på den nye kommunen blir Ålesund.

Det blir laga nytt kommunevåpen og ordførarkjede. Dette er ikkje til hinder for at Ålesund som by kan halde fram med å bruke sitt våpenmerke.

Kommunen skal ha nynorsk som målform i tråd med reglar for målbruk, slik dei går fram av vedlegg til denne intensjonsavtalen.

I denne intensjonsavtalen vil den nye kommunen bli omtala som Regionkommunen Ålesund.

3. Visjon

Regionkommunen Ålesund sin visjon er:

nasjonal slagkraft, regional attraktivitet, og lokal identitet

Lokal identitet er eit fundament for mangfald og skaparkraft. Mangfald og skaparkraft gir attraktivitet. Attraktivitet gir tiltrekkingskraft. Tiltrekkingskraft gir nasjonal slagkraft.

Regionkommunen Ålesund vil

- vere sterkare motvekt mot sentralisering til dei store landsdelsentera (Oslo, Bergen, Trondheim mv.)
- drive meir heilskapleg og overordna planlegging
- få på plass framtidssrette løysingar for samferdsel som vil binde regionen saman
- ha større tyngde som pådrivar for å styrkje forskings- og utdanningsinstitusjonane

- arbeide strategisk som medspelar for å styrkje og utvikle næringslivet og nyskaping i regionen
- få større kapasitet til å vere innovativ og tenkje strategisk for nyskaping
- arbeide aktivt med å førebygge og handtere kriser og katastrofar
- ta ansvar for nye oppgåver som krev spisskompetanse
- utvikle kvaliteten på tenestene og servicen til innbyggerane
- styrkje og utvikle mangfaldet i kulturlivet
- Regionkommunen Ålesund skal vere det urbane midtpunktet mellom Bergen og Trondheim

Vårt motto er:

Det vi skal, skal vi vere gode til. Det vi vil, skal vi tore å gjere noko med

4. Prinsipp for samanslåingsprosessen

- Kommunane som vil byggje Regionkommunen Ålesund, er likeverdige. Ein heilt ny kommune skal etablerast, bli drifta og vidareutvikla med utgangspunkt i dei tidlegare kommunane sin styrkje og særtrekk.
- Samarbeidet om bygging av ein ny og framtidsreta kommune skal vere prega av likeverd, rausheit og forståing for kvarandre sin ståstad.
- Lokal identitet og nærdemokrati skal vere høgt prioritet.
- Berekraft og nyskaping skal ligge til grunn for utviklinga i den nye kommunen.
- Så snart kommunane har fatta vedtak om samanslåing, skal det setjast ned ei fellesnemnd med eige mandat.

5. Organisering, arbeidsformer og digitalisering

Regionkommunen må bygge på framtidens modellar for arbeidsdeling og samhandling. Dette føreset:

- Ein organisasjonsstruktur og arbeidsformer som balanserer strategiutvikling og operativt arbeid.
- Utvikling av ny politikkarrolle og nye former for politikkkutforming.
- Tverrfaglig og nettverksbasert organisering av administrasjon og tenester.
- Nettverk- og partnerskap med næringsliv og det frivillige.
- Innbyggarmedverknad i periodar mellom val.
- Regionkommunen Ålesund skal vere ein føregangskommune knytt til digitalisering og teknologibasert utvikling av tenestene.
- Metodisk og systematisk bruk av ny teknologi som stimulerer til nye arbeidsformer, effektiviserer arbeidsmetodar, og intern så vel som ekstern kommunikasjon.

6. Mål

6.1 Samfunnsutvikling

6.1.1 Mål:

Regionkommunen Ålesund skal sikre ei samordna planlegging for utvikling av både by og omland. Regionkommunen skal vere i stand til å posisjonere Ålesund som by og regionen som attraktiv kvardagsregion for dagens og framtidens innbyggjarar. Vi skal ha ein klar strategi for å utvikle alle geografiske områder i den nye kommunen.

Det skal satsast både på urbanisering og byutvikling og generell tettstadutvikling i dei eksisterande sentra i den nye kommunen. Regionkommunen skal nå opp i nasjonale prioriteringar i samferdselsprosjekt og kollektivløysingar som vil knyte heile kommunen saman.

Regionkommunen Ålesund skal aktivt samarbeide med andre samfunnsaktørar ved å etablere ulike møteplassar og samarbeidsformer. Dette kan vere mellom offentleg sektor, næringsliv, frivillig sektor/sivilsamfunn og forskings- og utdanningsinstitusjonar for å gje gjennomslagskraft og byggje opp under næringsutvikling, verdiskaping og innovasjon.

Regionkommune Ålesund skal vere i stand til å møte dei store utfordringane i samfunnet. Klima og stor variasjon i demografi og levekår er døme på utfordringar kommunen vil måtte handtere. Med bakgrunn i dette skal Regionkommunen Ålesund prioritere følgjande strategiar:

- Miljøstrategi i samsvar med det grønne skiftet.
- Folkehelsestrategi i samsvar med dagens og framtida sine utfordringar om levekår.
- Tenesteutviklings- og innovasjonsstrategi som møter framtida sine demografiske utfordringar.
- Legge til rette for nyskaping i næringslivet.

6.1.2 Konkretisering

Kommunane bak intensjonsavtalen har kvar sine prioriterte prosjekt for å betre infrastrukturen i den nye kommunen. Samferdselsprosjekt som medverkar til å binde saman den nye kommunen vil bli prioritert. Ein by-pakke som knytter byen og omlandet sterkare saman med gode kollektivløysingar vert avgjerande for å styrkje bu- og arbeidsmarknaden i heile den nye kommunen. Ei nærare prioritering av dei enkelte prosjekta må gjerast når ein ser kva kommunar som vel å gå saman.

Desse sambanda skal prioriterast (uprioritert rekkefølge):

- Borgundfjordkryssing med trace frå Mauseidvåg til Vedde,
- Hamsundsbandet,
- Storfjordsbandet,
- Nordøyvegen,
- Bødalslina
- Hafast.

Andre prioriteringar (uprioritert rekkefølge):

- Etablere nasjonal hamn for marine og maritime næringar.

- Ålesund lufthamn Vigra skal sikrast posisjon som hovudflyplass mellom Bergen og Trondheim.
- Det skal utarbeidast ny og offensiv næringsplan for heile kommunen. Næringsklynger skal vidareutviklast og det skal leggest til rette for nye næringar.
- Ålesund sjukehus er viktig for å sikre ei god og framtidretta spesialisthelseteneste for innbyggjarane i Regionkommunen Ålesund. Samstundes er sjukehuset ein stor kompetansearbeidsplass som må ivaretakast og vidareutviklast som det største sjukehuset i fylket.
- Campus Ålesund er eit sentralt kompetansemiljø for heile regionen og skal legge til rette for vidareutvikling.
- Det skal leggest til rette for digital infrastruktur i heile kommunen.

6.2 Tenesteyting og utøving av mynde

6.2.1 Mål

Målet med Regionkommunen Ålesund kommune er å skape ein ny sterk organisasjon for å utvikle regionen – i samspel med næringslivet, frivillig sektor, forskings- og utdanningsinstitusjonar, og andre offentlege instansar – inn i framtida.

Både tettstadar og bygder skal ta del og finne sin plass i ei heilskapleg utvikling.

Kommunen vil vere ein stor arbeidsplass der dei aller fleste har sitt arbeid spreidd på ulike stadar som i dag. Dei kommunale tenestene og dermed arbeidsplassane skal vere nær brukarane, samtidig som dei tilsette vil vere del av eit større og meir robust fagmiljø med spesialiserte tenester tilgjengelege.

Organiseringa av kommunen skal gje vinstar gjennom å arbeide effektivt. Det vi sparar her skal gå til å auke kvantiteten og kvaliteten i tenestene.

Regionkommunen Ålesund skal arbeide aktivt for å få nye statlege og andre offentlege kompetansearbeidsplassar.

Regionkommunen Ålesund kommune skal ta vare på innbyggjarane sin rettstryggleik med:

- kompetent og profesjonell sakshandsaming i alle tenester og i alle ledd
- tverrfagleg samhandling mellom fagprofesjonar som sikrar rett teneste til rett tid
- ei open og gjennomsiiktig saksbehandling med høg etisk standard

6.2.2 Konkretisering

- Rådhuset skal vere i Ålesund sentrum. Her skal den strategiske leiinga plasserast med ordførar, rådmann, overordna plan-, strategi- og utviklingsorgan, samt andre stabsfunksjonar som bør ligge nær ordføraren og rådmannen.
- Basistenestene (t.d. barnehage, SFO, skule, kulturskule, eldreomsorg, legesenter, bibliotek, servicetorg, symjebasseng) skal i hovudsak vere plasserte som i dag.
- Den nye kommunen skal fordele ansvaret for spesialiserte fagmiljø, som ikkje er stadbundne, mellom dei tidlegare kommunesentera. Dette bidreg til å samle dei enkelte fagmiljøa samstundes som alle kommunedelsentra får viktige kompetansearbeidsplassar og eit ansvar dei forvaltar for heile kommunen.

- Satsinga på digitale løysingar skal aukast for å gje innbyggjarane raskare og betre tilgang på tenester som ikkje krev nærleik. Eksisterande struktur i e-kommune skal vidareutviklast i møte med dette behovet.

Det ligg naturleg til fellesnemnda, i samarbeid med prosjektleiar for den nye kommunen, å konkretisere dette nærare.

6.3 Demokrati

6.3.1 Mål:

Den politiske organiseringa i kommunen skal sikre både heilskapleg planlegging for regional slagkraft og lokal medverknad på kommunedelnivå.

Regionkommunen Ålesund skal sikre levande lokaldemokrati basert på ei vid forståing av demokratiomgrepet og gjennom utprøving av nye former for medverknad.

Den nye kommunen skal ha særleg fokus på digitale plattformer som hjelpemiddel i å la innbyggjarane medverke. Det skal utgreiast konkrete løysingar for e-demokrati i den nye kommunen.

6.3.2 Konkretisering

Kommunestyret er det overordna politiske organet i kommunen og skal ha inntil 77 medlemer. Talet kan justerast ned etter ein ideell faktor for heilskapen i prosjektet dersom nokre kommunar går ut av prosjektet seinare.

Den nye kommunen skal være organisert etter formannskapsmodellen.

Intensjonsavtalen opnar for at det kan vere formålstenleg med hovudutval/komitear/utval på overordna politisk nivå som i hovudsak får gjennomgåande representasjon. Dette er fundamentert i tanken om å sikre likeverdige tenester og ei samordning av fagmiljø. Dersom vi skal ha hovudutval må dette organiserast på same måten som strukturen i den nye administrasjonen. Dette for å sikre god samordning mellom politikk og administrasjon. Dette er ei sak fellesnemnda får i oppgåve å utgreie nærare.

For å styrke nærdemokratiet og mellomvalsmedverknad vil kommunen ha kommunedelutval med heimel i kommunelova §12.

- Utvala er folkevalde organ vald ved direkte val (kommunelova § 12 nr. 2).
- Kvart utval kan ha inntil 15 medlemer. Talet blir tilpassa innbyggartalet i kommunedelen.
- Kommunedelutvala må sikrast tilstrekkeleg administrasjon.
- Kvart utval dekkjer kvart sitt geografisk område som i utgangspunktet svarar til dei gamle kommunegrensene, med unntak av Ålesund der det kan bli aktuelt med fleire utval.
- Fellesnemnda får mandat til å justere modellen basert på konkrete erfaringar frå andre kommunar og andre faglege innspel, med utgangspunkt i dei overordna prinsippa for nærdemokrati.
- Fellesnemnda må og utarbeide framlegg til struktur for korleis eldreråd, ungdomsråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne skal organiserast på overordna nivå.

Kommunedelutvala skal ha slik funksjon, oppgåver og mynde:

- Utvala skal vere initierande og rådgjevande organ, og ha vedtaksmynde på definerte område som vedkjem det geografiske området som kommunedelutvalet representerer.
- Utvala skal ha delegert mynde og budsjettansvar på avgrensa område som gjeld kommunedelen.
- Utvala skal ha rett til å gi tilråding til vedtak til overordna politiske organ (formannskap, kommunestyre og/eller eventuelt andre utval på kommunenivå) i plansaker og andre saker der vedtaksmynde ikkje er delegert til utvalet, men som vedkjem kommunedelen.
- Utvala skal ha uttalerett og vere høyringsinstans i plansaker, budsjett- og andre saker som vedkjem heile kommunen.
- Utvala skal ha som oppgåve å ta initiativ til utvikling av lokalmiljøet og medverknad i saker av interesse for kommunedelen.
- Kommunedelane skal sjølv etablere ulike lokale nærdemokratiordningar for dialog med innbyggjarane på område som ikkje er tatt vare på gjennom lovfesta organ (eldreråd, samarbeidsutval mm.).

Fellesnemnda får i oppgåve å konkretisere korleis den folkevalde og administrativ organiseringa skal sikre lokaldemokratiet og dei lovbestemte rettane til medverknad, og korleis det kan bli lagt til rette for at politikarane får gode arbeidstilhøve for å sikre lokaldemokratiet.

6.4 Økonomi

6.4.1 Mål:

Regionkommune Sunnmøre skal ha ein økonomi i balanse og framleis bli solid i eit langsiktig perspektiv. Kommunen må sikre seg eit forsvarlig økonomisk handlingsrom for å sikre gode tenester til innbyggjarane i framtida.

Gevinstane som vi får realisert i den nye kommunen skal gå til å styrke tenestene og realisere visjonen for den nye kommunen. Lånegjelda skal være på eit forsvarleg nivå og kommunen skal ha ei målsetting om å betale ned på gjeld i tråd med avskrivningar. Kommunen skal ha eit tilstrekkeleg stort disposisjonsfond for å kunne handtere uførutsette utgifter.

6.4.2 Konkretisering

- Kommunane skal legge til rette for heilskapleg planlegging på økonomiområdet som tek omsyn til kommunale planer gjeldande frå 2017 til 2020.
- Alt frå hausten 2016 skal ein starte å nærme seg ein felles økonomiplanprosess med blick for å bygge ein felles kommune. Investeringsprosjekt som allereie er innarbeida i dei tidligare kommunane sine økonomiplanar skal prioriterast i den nye kommunen sine budsjett- og økonomiplanar. Det er ein føresetnad at prosjekta er nøkterne og fullfinansierte i balansert budsjett eller økonomiplan.
- Prinsippet er «All in».
- Samordninga nemnt ovanfor er eit ansvar som ligg til fellesnemnda å koordinere.

6.5 Kommunen som arbeidsgjevar

6.5.1 Mål:

Kommunen skal ha ein personalpolitikk som

- stimulerer til eit tillitsfullt samarbeid om å styrkje effektivitet, innovasjon og kvalitet i oppgåvene, og trivsel på arbeidsplassen
- gir kompetanseutvikling, fagleg og personleg, med vekt på å tenke og handle innovativt i samarbeid med andre for å bidra til auka effekt for innbyggjarane og samfunnet
- legg vekt på utvikling av eit godt tre-partsamarbeid – eit tett samarbeid mellom politikarar, administrativ leing og fagforeiningar, for å utvikle dei kommunale tenestene.

6.5.2 Konkretisering:

Kommunesamanslåingsprosessen skal ta vare på dei tilsette på ein god måte.

Kommunen har eit stort behov for arbeidskraft og kompetanse. Det skal leggjast til rette slik at tilsette ønskjer å fortsetje i den nye kommunen.

I overgangen frå gamal til ny kommune vil følgjande gjelde:

- Alle tilsette sine noverande rettar vil vere sikra i samsvar med lov og avtaleverk. Ingen skal seiast opp som direkte konsekvens av kommunereforma.
- Alle tilsette vil få tilbod om stilling i tilsvarande storleik og tidsperiode som vedkomande alt har avtale om.
- Den som blir overtalig vil få tilbod om anna arbeid ein annan stad i kommunen, eller tilbod om tiltak som kan stimulere til alternative løysingar.
- Tilsette vil framleis vere sikra pensjonsordning.
- Lønsskilnader mellom dei gamle kommunane vil bli harmonisert over tid.

Det blir oppretta eit partssamansett utval for handsaming av saker som gjeld forholdet mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette, jf. kommunelova § 25, inndelingslova § 26 og Hovudavtalen.

6 Interkommunalt samarbeid

Eitt av måla med å gå saman om å etablere ein ny kommune er at den nye kommunen skal kunne ta på seg oppgåvene på eiga hand utan interkommunalt samarbeid. På den måten får kommunen betre styring over den enkelte tenesta og kan lettare drive samordning på tvers av tenestene.

Overgangen til ein ny kommune krev at behovet for vidare interkommunalt samarbeid blir grundig vurdert. Det vil bli aktuelt å seie opp eller oppløyse eksisterande interkommunale samarbeidsordningar. Oppseiing inneber at kommunen trekkjer seg frå samarbeidet. I så fall må dei andre kommunane inngå ny avtale som tek omsyn til endringa i partsforholdet. Oppløysing inneber at heile samarbeidet blir avvikla.

Fellesnemnda får i oppgåve å vurder kva samarbeid som bør bli sagt opp, kva som bør bli oppløyst og om det er ønskjeleg eller nødvendig å inngå interkommunalt samarbeid på nye områder.

7 Harmonisering

Lokale forskrifter og vedtekter (f eks politivedtekter, opningstidsvedtekter, vedtekter for sal- og skjenketider etter alkohollova, vedtekter etter plan- og bygningslova, vedtak om hamneavgift, satsar for eigedomsskatt og andre betalings- og avgiftsregulativ, lokale fiske- og jaktforskrifter, og

avfallsforskrifter) gjeld framleis for vedkomande område inntil dei blir endra av kommunestyret i den nye kommunen.

Arealplanar som er vedtatt etter reglane i pan- og bygningslova vil framleis gjelde. For andre planvedtak kan departementet fastsette mellom anna fristar for revisjon av planvedtaka.

Statlege avgiftssatsar som gjeld regionvis, f eks arbeidsgjevaravgift, vil gjelde som før inntil Stortinget eventuelt vedtar endringar.

8 Fellesnemnd

Etter vedtak om kommunestruktur i juni 2016 skal det setjast ned ei fellesnemnd med 3 representantar med vara frå kvar kommune. Fellesnemnda får mandat og oppgåver forankra i §26 i Inndelingslova. I tillegg får dei det formelle ansvaret med å førebu den nye kommunen i samsvar med føringane i intensjonsavtalen. Nemnda disponerer blant anna eingongsstønaden frå staten i samband med kommunereforma, og skal tilsette prosjektleiar for den nye kommunen.

Det skal settast ned ei arbeidsgruppe beståande av rådmenn og ordførarar frå deltakarkommunane som får i oppdrag å utarbeide ein endringsstrategi for omstillingsprosessen med utgangspunkt i intensjonsavtalen. Dette inkluderer mandat til fellesnemnda. Dette arbeidet skal starte straks etter vedtak om ny struktur.

9 Partsamansett utval

Det skal etablerast eit partsamansett utval for samanslåingsprosessen med representantar frå tilsette og arbeidsgjevar frå kvar av kommunane. Arbeidsgjevar sine representantar i partsamansett utval for samanslåingsprosessen skal veljast blant fellesnemnda sine medlemmer, og skal utgjere eit fleirtal av medlemmane i det partsamansette utvalet.

10 Involvering og informasjon

Fellesnemnda skal utarbeide ein kommunikasjonsstrategi for god informasjonsflyt til kommunestyra og innbyggjarane. Denne skal innehalde informasjon om fellesnemnda sitt arbeid og korleis kommunestyra og innbyggjarane kan involverast i arbeidet i tida fram mot den nye kommunen trer i kraft 1. januar 2020.

Vedlegg

Reglar for målbruk i «Regionkommunen Ålesund»

1. «Regionkommunen Ålesund» krev, med heimel i mållova § 5, første ledd, nynorsk som skriv frå statsorgan til kommunen.
2. Kommunen skal bruke nynorsk i utforminga av
 - a. Internett- og intranettsidene
 - b. Informasjonsmateriell og kunngjeringar (annonsering)
 - c. Lokale forskrifter, reglement og retningsliner
 - d. Protokollar og saksutgreiing frå møter i folkevalde og administrative organ, jf. likevel pkt. 4 nedanfor
3. Skriftleg forslag til vedtak som blir fremja i møte nemnt i pkt. 3 d ovanfor, skal først inn i protokollen på den målforma forslaget er skrive på.
4. Kommunen sine organ skal svare på skriv frå private rettssubjekt i den målforma som er nytta i skrivet, til liks med statsorgan slik det går fram av mållova § 6. Dersom kommunen ikkje kjenner språkønsket til vedkomande, gjeld regelen i pkt. 6 nedanfor.
5. Tilsette kan nytte bokmål i sitt daglege arbeid, t.d. referat, notat og rapportar, samt skriv til innbyggjarane og andre der det ikkje er krav til ei bestemt målform.
6. Grunnskular held fram med den målforma dei har på det tidspunktet «Regionkommunen Ålesund» trer i kraft, og fram til kommunestyret vedtek noko anna etter reglane i opplæringslova.


Intensjonsavtalen

«Regionkommunen Ålesund»


Avtaleteksten gir ei overordna strategisk skisse til bygging av den nye kommunen, og er eit produkt av omforeinte løysingar mellom partane.


Partane anbefalar avtalen oversendt deltakarkommunane til vidare politisk handsaming.

Ålesund 18. mars 2016


Giske kommune
Harry Valderhaug
Ordførar



Haram kommune
Vebjørn Krogsæter
Ordførar


Hareid kommune
Anders Riise
Ordførar



Sandøy kommune
Oddvar Myklebust
Ordførar


Skjold kommune
Dag Olav Tennfjord
Ordførar


Stordal kommune
Eva Hove
Ordførar


Sula kommune
Jim-Arve Røssevoll
Ordførar


Sykkylven kommune
Odd Jostein Drotninghaug
Ordførar

for 
Ørskog kommune
Karen Simonnes Aanes
Ordførar


Ålesund kommune
Eva Vinje Aurdal
Ordførar